



# Land og bruk

Nummer 1 - 2012

Februar 2012

- nytt og nyttig for landbruksforvaltninga i Rogaland

Fylkesmannen i Rogaland, Landbruksavdelinga

Redaktør: Sissel C. Endresen - telefon 51 56 89 60, e-post: sissel.c.endresen@fmro.no

## Nyttig informasjon

### Landbrukskonferansen 2012

Landbrukspolitisk konferanse og fylkessamling for landbruksforvaltninga blir arrangert 13.-14. mars. Statsråd Lars Peder Brekk er invitert til å informere om den nye meldinga om landbruks- og matpolitikken. Vi har enno ikkje fått stadfesta om statsråden kjem. Men vi veit at både fylkesordføraren og fylkesmannen kjem. I tillegg kjem fem ordførarar frå ulike regionar for å delta i paneldebatt.

Andre dag er fagsamling for landbruksforvaltninga.

- [Program og meir informasjon](#)

### Dialogmøte med folkevalde i kommunane

Fylkesmannen har sendt ut eit brev til alle kommunar Rogaland v/ordførar og rådmann der vi ber om tilbakemelding på om det er ønskje om regionale dialogmøte om landbrukspolitikk og landbruksaker.

- [Brev sendt til kommunane](#)

## Personalendringar

### Nyttilsette

**Linn Borsheim** er frå 1. mars tilsett i eit engasjement hos Fylkesmannen. Ho skal i første fase gå inn i oppgåver der vi har manglande kapasitet. Ho har tidlegare vore tilsett i SLF der ho mellom anna har arbeidd med husdyrkonsesjonssaker.

**Erik Faye-Schjøll** er tilsett som prosjektkoordinator i Skogselskapet. Han tek til i stillinga 1. mars 2012. Hovudoppgåvene blir klimaskogprosjektet og oppfølging av Aksjon skogkultur.

### Permisjon

**Kari Sand** har 50 % permisjon frå stilliga hos Fylkesmannen frå 1. januar til 15. august 2012. Ho er i den perioden tilsett i 50 % stilling hos Innovasjon Norge Rogaland for å arbeide med bioenergi.

## Arrangementskalender

**16. februar**

### Tome driftsbygningar – trussel eller ressurs?

Dagsseminar for politikarar og administrasjonen i kommunane som arbeider med plan, næring og landbruk.

Stad: First Hotel Alstor, Stavanger

Kontaktperson: Geir Skadberg

**6. mars**

### Samling for skogansvarlege i kommunane

Stad: Statens hus, Stavanger

Kontaktperson: Lars Slåttå og Stein Bomo

**13.-14. mars**

### Landbrukskonferansen 2012

Landbrukspolitisk konferanse og fagsamling for landbruksforvaltninga

Stad: Rica Maritim Hotel, Haugesund

Kontaktperson: Sissel C. Endresen

**16. mars**

### Scenariokonferanse for Vassområda Dalane og Jæren

Stad: Kommunestyresalen, Time kommune

Arrangør: Rogaland fylkeskommune

**15. mai**

### Dialogmøte med tilsette i landbruksforvaltninga i kommunane

Stad: Statens hus, Stavanger

Kontaktperson: Bente E. Halvorsen og Sissel C. Endresen

**Mai**

### Seminar, utferd og årsmøte i Skogselskapet



*Fjell lyt du yver skal du koma lenger.*

**Olav H. Hauge**

## Landbruksdirektørens hjørne



Kvar skal maten vår produserast i framtida, og kven vil ta hand om produksjonen?

v/Hadle Nevøy

Så har regjeringa, med landbruks- og matminister Lars Peder Brekk i spissen, bedd oss alle "Velkommen til bords" gjennom si nye melding til Stortinget om landbruks – og matpolitikken, Meld. St. 9. Ministeren har reist landet rundt og presentert innhaldet i meldinga, nå sist i møte med nær 300 tilhørarar i Idrettshallen på Varhaug 30. januar. Meldinga fortener å bli lesen av alle som er interessert i framtida for landbruket, som yrkesutøvar i eller i tilknyting til næringa, eller indirekte gjennom ulike rollar i samfunnet. Ikkje minst alle med interesse for matforsyning, mattrøggleik og dyrevelferd bør ta seg tid til å lese meldinga.

Ein av hovudbodskapane i meldinga er at vår eigen matproduksjon skal aukast i takt med etterspurnaden frå ein aukande befolkning i landet, slik at sjølvforsyningsgraden i framtida kan haldast på same nivå som i dag. Det ser ut til å vere god tilslutnad til dette målet, sjølv om det blir reist kritikk mot at regjeringa lar vere å korrigere for importert kraftfôr i berekninga av sjølvforsyningsgraden.

Ein annan bodskap i meldinga er at mest mogeleg av maten skal produserast på innanlandske ressursar, og med særskild vekt på utnytting av gras- og beiteressursane våre.

Landbrukspolitikk engasjerer mange av oss, og til liks med tidlegare landbruksmeldingar gir også denne meldinga grunnlag for mange refleksjonar. Ikkje minst i Matfylket Rogaland er det god grunn for å følgje nøyne med på korleis meldinga blir tatt imot og følgt opp gjennom utforming og bruk av politiske, juridiske og økonomiske verkemiddel i tida frametter.

Størst mogeleg landbasert matproduksjon på eige ressursgrunnlag er avhengig av fleire faktorar. Mest grunnleggjande er sjølvsagt arealgrunnlaget. Det er vanskeleg å sjå for seg auke i produksjon av korn, poteter, grønsaker, frukt og bær og grovfôrbaserte husdyrprodukt utan tilgjengeleg jordbruksareal minst på nivå med det vi disponerer i dag.

Vern om matjorda blir derfor hovudutfordring nr. 1, men det blir heller ikkje nok mat om ikkje produksjonspotensialet blir utnytta fullt ut innanfor rammene for økologisk berekraft. I Rogaland, og i store deler av resten av landet, betyr dette at alt jordbruksareal må nyttast til dei produksjonane som det er best eigna for. God utnytting av gras- og beiteressursane gjennom aktiv storfe- og småfeproduksjon i alle deler av fylket vårt er derfor nøkkelen til suksess, og må derfor vere ein viktig målepараметer for vurdering av om landbrukspolitikken treff.

Under besøket på Jæren den 30. januar var statsråden svært tydeleg i bodskapen om at alle har eit felles ansvar for eit aktivt jordvern. Han gav tydeleg beskjed til Fylkesmannen om å bruke motsegninstituttet i saker der kommunane eller andre planstyresmakter handlar i strid med viktige jordverninteresser. Sjølv om tanken om å innføre ein særskild verneheimel i jordlova synes å vere skrinlagd, manglar vi ikkje verktøy til å ta vare på jordbruksjorda. Plan- og bygningslova har gode verktøy, men det må vere politisk vilje til å bruke dei. Heller ikkje ein eigen verneheimel i jordlova ville vore mykje verd om det ikkje var politisk vilje til å gi det meste av jordbruksarealet varig vern.

Men det blir heller ikkje mogeleg å nå målet om auka matproduksjon om ikkje flinke og arbeidsvillige ungdomar finn bondeyrket tilstrekkeleg attraktivt. Politikarane gjer ein stor feil dersom dei tek rekrutteringa til landbruket for gitt, og ikkje forstår at verdas viktigaste yrke treng topp motiverte og kompetente yrkesutøvarar for at produksjonsmål, kvalitets- og miljømål m.fl. skal kunne nås i framtida. I Rogaland har vi "alltid" vist til at aktive produsentmiljø er ein av dei viktigaste drivarane for framgangen i jordbruket, gjennom stimulans til omstilling, nytenking og satsing. Heller ikkje effekten av gode produsentmiljø kan vi ta for gitt. Vi ser tydelege teikn på at desse miljøa av fleire grunnar er i ferd med å svekkjast fleire stader i fylket vårt, også i område der jordbruket oppfattast å stå sterkt.

Matproduksjon, utnytting av gras- og beiteressursar og rekruttering er sentrale tema også i regionalplan for landbruket i Rogaland. Tida vil vise om det er politisk vilje til å følgje opp foreslegne strategiar og tiltak, og om desse i så fall er tilstrekkelege til å gjere ein forskjell.

Ein ting er sikkert, målet om auka innanlands matproduksjon blir ikkje mogeleg å nå om vi ikkje lukkast med å auke produksjonen også i Matfylket Rogaland. Vi har ei felles oppgåve i å leggje til rette og stimulere, vi som arbeider i forvaltninga kan også vere med å gjere litt av forskjellen.

## Planju§§ for landbruket

Skal ein dele frå tun, byggje nytt eller endre bruken av ein landbruksbygning må ein søkje om tillating etter ulike lovverk. Men kva om det dreier seg om frådeling til uendra bruk, oppføring av bygg til tilleggsnærings- eller mindre endringar i høve til gitt dispensasjon? Kva krav stiller eigentleg naturmangfaldlova og plan- og bygningslova til saksbehandling, dokumentasjon og vurderingar i plan- og einskildsaker?

Frå heile landet blir slike og andre landbruksrelaterte spørsmål sendt til avdeling for regional planlegging i Miljøverndepartementet (MD). Avgjerder og tolkingsuttaler frå MD blir så samla i bladet Planju§§.

I årets første utgåve er det diverse av interesse for landbruket. Tidlegare utgåver av bladet finn de [her](#). Abonnement er gratis. Sjå også MD sitt gratis tidskrift [Plannytt](#).

- [Lenke til Planjuss 1/2012](#)

## Temarettleiari - Landbruk og planlegging etter plan- og bygningslova

Statens landbruksforvaltning har laga ein rettleiar om korleis jordbruksareala kan ivaretakast ved arealplanlegging etter plan- og bygningslova. Rettleiaaren er praktisk retta og viser kva moglegheiter PBL gir for å ta omsyn til landbruket i den kommunale arealplanlegging.

- [Du kan laste ned rettleiaaren her.](#)



Temaveileder:  
Landbruk og planlegging etter  
plan- og bygningsloven



## Seminar - Bruk av ledige driftsbygningar

Det blir stadig fleire ledige driftsbygningar – men ledige til kva? Til føremål som er naturleg tilknyta garden eller til noko helt nytt som kan føre til driftsulemper for den aktive landbruksdrifta? Det er ikkje fritt fram å fylle dei tome bygga med innhald.

Vi inviterer kommunane til seminar om dette torsdag 16. februar på First Alstor Hotel, Stavanger. Seminaret skal fokusere på dei utfordringane og driftsulempene dei ledige driftsbygningane kan representer. Vi ønskjer å få informert om ønska praksis, også i høve til kommunane sitt ansvar. Og overordna er målet å få til auka felles forståing hjå kommunane og regionale styremakter.

Seminaret vil ikkje ha noko særleg fokus på det potensielle tome bygg kan ha for anna næringsverksem. Det kunne blitt eit arrangement for seg sjølv. Programmet 16. februar er først og fremst for dei kommunane som merkar presset dei ledige bygga kan representer for det aktive landbruket. Vi vonar at også mange politikarar melder seg på.

- [Meir informasjon og program](#)

Kontaktperson: Geir Skadberg



Foto: Geir Skadberg

## Legg ved e-postadresse for raskare svar

Vi treng saksbehandlarane og søkerane sine e-postar for å kunne sende ut våre uttaler i plan- og arealsaker digitalt. Vi ber derfor kommunane å ta med dei nødvendige e-postadressene i oversendingar til oss. Kan de dele dette ønsket med aktuelle saksbehandlarar innan plan- og arealforvaltning, i håp om å få til ein noko raskare saksgang?

Kontaktperson: Robijne Verstegen

## Satsarmøte for mjølkeprodusentar

Ti ulike organisasjonar har gått saman om å laga ein møteserie for mjølkeprodusentar på Jæren. Møta er for dei som vil satse i næringa og som vil vere med framover.


Framtida har vel alltid blitt sett på som spanande, utfordrande og usikker. For næringslivet er endringar meir eller mindre ein del av kvar dagen - kontinuerlege prosessar som ikkje merkast før ein etter ei tid ser seg tilbake. Slik er det også for landbruket.

Økonomisk og teknologisk utvikling endrar landbruksnæringane. Likeins verda omkring. Vårt oljesurte fylke etterspør stadig meir arbeidskraft – og truleg vil fleire årsvirk gå frå landbruket til andre sektorar i åra som kjem. Samstundes opplever mange bønder at det må investerast på gardane for å halde tritt, men vurderer terskelen som for høg og vel i staden å leige bort jorda. Strukturutviklinga går sin gang og spesielt innan mjølkeproduksjonen skjer endringane i relativt stort tempo. De siste 10 åra har tal mjølkeprodusentar blitt nært halvert.

Korleis blir det dei komande åra? Nei, sei det. Det som er viktigare enn nokon gong er å legge rette for dei mjølkeprodusentane som vil satse framover. Bøndene skal ikkje takast for gitt.



### Historisk og fremtidig utvikling i antall besetninger



Ti ulike organisasjonar går no saman om å møte denne felles utfordringa gjennom ein møteserie på Jæren i februar. Blir oppslutnaden og tilbakemeldingane gode, er intensionen å arrangere liknande møte rundt i heile fylket.

- [Les meir i programmet.](#)

Kontaktperson Geir Skadberg



Foto: Arne J. Lyshol

## Rådgiving innan byggjeplanlegging

1.oktober 2011 tok Hallgeir Gravelsæter til som bygningsrådgivar hjå Norsk Landbruksrådgiving Rogaland.

Hallgeir er 25 år og frå Etne. Han har gått på Høgskolen i Nord-Trøndelag, Husdyr - velferd og produksjon.

Først som sist må det understrekast at dette rådgivingstilbodet gjeld for bøndene i heile Rogaland.

Norsk Landbruksrådgiving har med dette teke på seg eit viktig oppdrag; at landbruket i fylket skal få eit uavhengig tenestetilbod av høg kvalitet innan byggjeplanlegging. Tilbodet er viktig då det er stort behov for nye driftsbygningar eller oppgraderingar av eksisterande. Rådgivingstilbodet gjeld hovudsakleg bygninga til ammeku, mjølkeproduksjon og sau.

Hallgeir set pris på å bli kontakta, også av de i kommunane. Kanskje de kan invitera han til ein samtale?

Kontaktinformasjon: Hallgeir Gravelsæter,  
E-post: [hallgeir.gravelsaeter@lr.no](mailto:hallgeir.gravelsaeter@lr.no)  
Telefonnr. 971 72 623.



Foto: Robijne Versteegen

## Autorisasjon plantevern

I 2011 har 170 bestått førstegangsautorisasjon i plantevern og 77 har fornya autorisasjonen.

### Kommunevis fordeling 2011

Kommune	Førstegangs-autorisasjon	Fornying
Bjerkreim	2	4
Bokn	3	0
Eigersund	5	4
Forsand	3	2
Gjesdal	7	5
Haugesund	6	3
Hjelmeland	21	0
Hå	9	3
Karmøy	5	5
Klepp	12	5
Lund	2	1
Randaberg	2	2
Rennesøy	2	0
Sandnes	12	5
Sokndal	2	1
Sola	6	3
Stavanger	13	7
Strand	25	2
Time	14	6
Tysvær	10	8
Vindafjord	9	11

Kontaktperson: Wenche Knudsen



Foto: Nono Dimby

## SMIL-søknader 2011

Rogaland fekk tildelt 10,3 mill kr til SMIL-ordninga

Innvilga søknader 11.713.276 kr

Utbetalt: 10.846.786 kr

Inndradd: 3.265.602 kr \*

Statens landbruksforvaltning sende i 2011 ut ein e-post om at kommunane måtte rydde opp i gamle søknader med utgått arbeidsfrist – søknader som burde vore inndradd eller fått utsett arbeidsfrist. Det blei rydda opp i ein god del saker, men oppryddingsarbeidet må halde fram og i 2012.

Kontaktperson: Nono Dimby

## Ny rettleiar til naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova har 10 kapittel, der kapittel II (§§ 4-14) omhandlar "Alminnelige bestemmelser om bærekraftig bruk". Det er no laga ein eigen rettleiar til dette kapittelet. Den tek føre seg korleis miljoprinsippa skal vurderast og vektast saman med forvaltningsmåla for økosystem, naturtypar og artar, vurdert opp mot andre samfunnsinteresser.

[Naturmangfaldlova](#) gir kommunane ei plikt, etter § 7, til å vurdere om avgjerder dei tek påverkar naturmangfaldet i positiv eller negativ retning. Lova gir reglar om bærekraftig bruk og vern av naturen. Ho styrker på viktige punkt grunneigarane sine rettar i forhold til den førre naturvernlova, seier landbruks- og matminister [Lars Peder Brekk](#).

I praksis inneber vurderingsplikta etter § 7 at ein i alle saker, der det kan vere det minste tvil om naturmangfaldet blir påverka, skal vurdere om det trengs tiltak etter lova sine §§ 8-12. Det skal kome tydeleg fram i saksutreiinga kva vekt §§ 8-12 er tillagt, og kva det har hatt å seie for utfallet i saka. Dvs. at andre skal kunne sjå at ein har følgt opp vurderingsplikta etter § 7, også om ein konkluderer med at naturmangfaldet i gjeldande sak ikkje vil bli påverka.

Vurderinga skal basere seg på eksisterande fakta - dvs. vitskapleg- og erfaringsbasert kunnskap. Førevar-prinsippet (§ 9) gjeld der det er tvil om kunnskapsgrunnlaget, og der tiltaket *samstundes* kan medføre uoppretteleg skade på naturen. Prinsippet om at forureinar/den som reduserer miljoverdiar betaler, er nedfelt tydeleg i lova sin § 11.

Fråvær av vurdering og vektlegging av §§ 8-12, kan medføre at eit vedtak blir erklært ugyldig, dersom feilen har verka bestemmande på vedtaket sitt innhald. Det same kan bli resultatet dersom vedtaket omtaler §§ 8-12, og det er openbart at vurderingane og vektlegginga ikkje har blitt trekt inn i førebuingane av saka og i den skjønnsmessige vurderinga av saka. Settefylkesmannen peikar no konsekvent på kravet om ei vurdering etter naturmangfaldlova, i behandling av klagesaker der det omsøkte tiltaket ikkje er vurdert etter §§ 8-12 av kommunen.

Vi anbefaler å sjå Miljøverndepartementet (MD) sin 10-minuttss [innføringsvideo](#) om lova. På [MD](#) sine nettsider finn du også ei opplisting og forklaring av viktige omgrep i den nye lova, og kva innverknad ho får i praksis.

- [Lenke til rettleiaren](#)

Kontaktperson: Robijne Verstegen



Foto: Robijne Verstegen

## Tilskot til avløysing ved sjukdom mv. – nye satsar for 2012

**Dei nye satsane for tilskot til avløysing ved sjukdom mv. gjeld frå 1. januar 2012:**

*Maksimal tilskot pr. dag og pr. føretak*

Husdyr – og planteprodusentar	Veksthusprodusentar	Sjukdom mv.
Maksimalt avløsertilskudd	Veksthusareal, m <sup>2</sup>	Maksimalt tilskudd pr. dag
Kr 5 000 – 12 000	287 – 714 m <sup>2</sup>	Kr 440
Kr 12 001 – 18 000	715 – 1071 m <sup>2</sup>	Kr 640
Kr 18 001 – 24 000	1072 – 1429 m <sup>2</sup>	Kr 860
Kr 24 001 – 30 000	1430 – 1786 m <sup>2</sup>	Kr 1 080
Kr > 30 000	>1786 m <sup>2</sup>	Kr 1 300

*Kroner pr. dekar/bikube for fastsetting av maksimalt tilskot*

Vekst	Sats i kr/dekar
Korn	Kr 42
Potet	Kr 190
Frukt og bær	Kr 832
Grønsaker og andre planteprodukt	Kr 468
Bikubar	Sats i kr/bikube
Bikubar	Kr 130

Kontaktperson: Maja Stanojevic

## Fleire søker Regionalt miljøprogram

**Stor søknadsmengde har gjort det nødvendig å gjere ei omfattande justering av tilskotssatsane i Regionalt miljøprogram for 2011**

Det er stadig fleire som søker tilskot frå Regionalt miljøprogram. Søknadsomgangen for 2011 viste auke for mange av tilskotsordningane. Med bruk av førebelse tilskotssatsar, var det i søknadsomgangen 2011 søkt på om lag 4 millionar kroner meir enn kva som var disponibelt.

Situasjonen blei teke opp på møte i prosjektgruppa 16. desember, og satsane blei justerte. Ein valte å bruke ostehøvelprinsippet og kutte på nesten alle ordningar. Til dømes blei ny sats for bratt areal 130 kr/daa for fulldyrka areal og 42 kr/daa for innmarksbeite mot førebels sats på 150/50 kr. Også tilskot til turstiar blei redusert frå 8 til 7 kr/m. Kraftigast kutt blei det i ordninga for vedlikehald av stølsbygningar som blei justert frå kr 10 000 til kr 5000 per støl. Sjå tabell for oversikt over justerte satsar.

For søknadsomgangen 2012 vil det bli gjort mindre endringar i programmet og førebelse satsar slik ein betre kan treffe den økonomiske ramma. Endringane vil bli diskutert i møte i prosjektgruppa 3. februar. Føringane frå møtet vil snarlig bli gjort kjent på heimesida til RMP.

I 2012 er det hovudrullering av RMP, noko som betyr at heile ordninga skal evaluerast på landsbasis. SLF vil i løpet av sommaren kome med nye føringar, og vi vil invitere til brei regional diskusjon om innretning og tilskotsnivå hausten 2012.

- [Tabell som viser endelige satsar for 2011](#)

Kontaktperson: Monica Dahlmo og Else F. Hodne



Foto: Nono Dimby


## Meld. St. 9

(2011–2012)

Melding til Stortinget

### Landbruks- og matpolitikken

Velkommen til bords



## Ny Stortingsmelding om landbruks- og matpolitikken

**Vi som jobbar i landbruksforvaltinga og landbruksnæringa har venta lenge på den mye omtalte Stortingsmeldinga om landbruks- og matpolitikken, og spenninga var stor i førjulsstrida då meldinga blei godkjend i statsråd 2. desember 2011.**

Landbruksministeren var framme same dag og peika på at dette er ei omfattande melding som vil gi føringar for heile verdikjeda i mange år framover. Det er kanskje fleire av oss som har hatt vel stor tru på at denne meldinga skulle gi svar på mange av dei utfordringane landbruksnæringa står føre, og kanskje var det også nokon som blei litt skuffa i så måte.

Ny melding har fleire viktige politiske føringar. Matproduksjonen skal auke (på kaloribasis) i takt med folkeveksten (1 % per år). Dette må også få konsekvensar for Rogaland – også landbruket i Rogaland må ta sin del. I dette ligg også ein klar føresetnad om eit sterkt jordvern.

Meldinga har ein klar gras- og distriktsprofil, noko som passar godt for Rogaland.

Det er fokus på variert bruksstruktur, der det lokale ressursgrunnlaget skal vere basis. Miljøutfordringane er framheva, og dette er særleg relevant for Rogaland. Det same gjeld rekrutteringsutfordringane. Det er lagt til grunn eit aktivt og berekraftig skogbruk med auke i hogst, og med fokus på auka bruk av trevirke til ulike former for trebruk og til energiføremål. Elles er det mye omtale av det å utvikle nye næringar i tilknyting til det tradisjonelle landbruket. For næringa er det peika på at det skal vere høve til auka inntekt, og det skal bli betre kapitaltilgang.

Om lag på same tid som meldinga blei lagt fram, fekk vi her på landbruksavdelinga førebels embetsoppdrag frå Landbruks- og matdepartementet. Ny stortingsmelding gir i seg sjølv ikkje nye konkrete oppdrag til forvaltinga, men etter behandlinga i Stortinget vil det truleg kome oppdrag som gir behov for justeringar i arbeidsoppgåvene. Vi må slik sett starte året 2012 med om lag same oppdrag som for 2011, dette gjeld også kommuneleddet.

Det vil bli fleire høve til å få meir innsyn i kva som står i meldinga, m.a. på landbrukskonferansen i Haugesund. Vi ser fram til gode landbrukspolitiske diskusjonar i 2012, og tid til å sortere ut kva som er den viktigaste bodskapen i meldinga. Og då til beste for landbruket i Rogaland.

- [Meld.St.9 om Landbruks- og matpolitikken](#)

Kontaktperson: Anfinn Rosnes

## Statistikk sjukdomsavløysing 2011

Oversikt over tal søknader og utbetalt avløysartilskot ved sjukdom mv.

	2009	2010	2011
Tal søknader	843	832	873
Utbetalt tilskot kr	15 734 316	15 394 486	18 329 044

Kontaktperson: Maja Stanojevic

## Ny plantesesong

Kommunane må som tidlegare hjelpe til med plantetinging for dei som treng skogsplanter til våren. Alle kommunar har no rimeleg god eigedomvis oversikt over kven som har avverka og planta siste åra. Dette proaktive arbeidet bør difor bli meir effektivt enn tidlegare.

Ein del skogeigarar har nok ordna seg med plantehjelp frå Vestskog eller Nortømmer, men kommunen bør sjekka ut at skogsplanter av rett treslag er tinga, og at proveniensen er tilrådd av Skogfrøverket. Det er meir utfordrande for kommunen i etterkant å måtta nekta tilskot og bruk av skogfond grunna feil treslag og/eller proveniens.

I store delar av fylket vil vanleg norsk gran vera det aktuelle treslaget å planta. I ytre strok må ein oftast bruka sitkagran. Lerk kan også vera aktuelt treslag nokre stader, men hugs at den er meir krevjande med omsyn til skjøtsel, tynning mv. Hugs at [Skogfrøverket](#) har kommunevis oppdatert informasjon om frøparti av gran. Her finn du også oversikt over kva planteskolar som fører dei ulike proveniensane.

Viss ikkje planteskolen kan levera rett vare, bør investeringa utsetjast til hausten eller til neste vår. Val av treslag og proveniens skal leggja grunnlaget for ei langvarig verdiskaping og CO<sub>2</sub>-fangst. Det er difor ikkje likegyldig kva som blir planta ut. Det er av denne grunn kommunen har ansvar for å kvalitets-sikra både plantemateriell og sjølve plantinga.

Kontaktperson: Lars Slåttå



Foto: Lars Slåttå



Foto: Robijne Versteegen

## Tips for å få ned talet på manuelle utbetalingar av avløysartilskot – søknadsomgangen januar 2012

Søknader om produksjonstilskot og avløysartilskot som ikkje blir handsama ordinært, men som må utbetalast manuelt i ettertid er ressurs-krevjande både for kommunane og Fylkesmannen. Erfaring viser at om lag halvparten av alle manuelle utbetalingar for januaromgangen skyldast feil ved avløysarutbetalinga.

Her er nokre tips for sakshandsaminga:

1. Til pkt. 6 i søkerdokumentet "Søkjar har arbeidsgjevaransvar", er det krav om at søker har levert lønnsoppgåve innan 20. januar (for innsending av papir) alternativt 31. januar (ved innsending via Altinn). Dersom dette ikkje er sendt inn, har søker ikkje rett på tilskot. Der søker har kryssa nei for "Har du sendt inn lønns- og trekkoppgåve for 2011?", rår vi til at kommunen tek kontakt med søker for å sjekke om det er stemmer at det ikkje er sendt inn eller om det er kryssa av i feil rubrikk.
2. Det tek ei viss tid å få norsk fødselsnummer for utanlandske arbeidstakrar med skatteplikt til Noreg. Desse blir i første omgang tildelt eit såkalla D-nummer. Det vil kome feilmelding i 2. inputkontroll dersom avløysaren har fått norsk fødselsnummer etter søkerdokumentet. I slike tilfelle vil vi tilrå at kommunen tek kontakt med føretaket for å få informasjon om nytt fødselsnummer slik at søkerdokumentet kan rettast opp.

Kontaktperson: Geir Helge Rygg

## Ny landskogtaksering for Rogaland: Meir skog, større verdiar, betre klima

**Ny taksering av Rogaland viser vekst i både areal, volum og tilvekst. Men dette skuldast attgroing og tidlegare tiders skogreising. Viss vi held fram med dagens drift og skjøtsel vil tilgangen på tømmer gå vesentleg ned dei neste tiåra. Det same gjer CO<sub>2</sub>-fangsten.**

Landskogtakseringa har sendt ut førebelse tal for Rogaland. Desse viser som venta at skogarealet aukar. Hogstklasse 2-5 har auka med 250 000 dekar i perioden 1991 – 2007. Dette er for det meste bjørkeskog, altså den minst økonomisk lønnsame skogen, men også ein del furuskog.

Tilveksten har auka med 160 000 m<sup>3</sup> sidan 1991 og er no oppe i vel 500 000 m<sup>3</sup> per år. Gran og sitkagran står for 90 % av tilvekststauen – og for over halvparten av den samla tilveksten. Desse treslaga dekkjer likevel berre 16 % av det produktive arealet. Registreringane viser at vanleg norsk gran og sitkagran er dei desidert mest arealeffektive treslaga i fylket. Det er difor desse treslaga utgjer grunnstammen i eit økonomisk drive skogbruk.

Det er samstundes dei same to treslaga som bind desidert mest CO<sub>2</sub> per dekar her i Rogaland. I ei vidare satsing på klimaskogbruk, jf. bl.a. Klimakur 2020, er difor gran og sitkagran hovudingrediensen.

### Nedturen kjem

At rogalandsskogen går mot dårligare tider går også tydeleg fram av taksten. Arealet med hogstklasse 2, ungskog, er halvert sidan sist takst. Men for å komma å jour med planting er behovet for tilplanting heile 20 000 dekar. Dette resultatet skuldast at skog-eigarane over ein 15 – 20 årsperiode har slurva med forynging av hogstfelta - og heller ikkje vore aktive i skogreisingssamanheng. I følgje samfunnsøkonomane fører denne manglande plantinga i desse 15 åra til eit samfunnsøkonomisk tap på 3 milliardar kroner.

Nedturen vil også gjelda CO<sub>2</sub>-fangsten. Med tala ovafor vil fylket gå glipp av ei årleg CO<sub>2</sub>-binding på nærmere 40 000 tonn CO<sub>2</sub>. Dette tilsvrar det årlege utsleppet frå 26 000 personbilar, altså frå ein by som Sandnes.

Tala som her direkte og indirekte kjem frå Landskogtakseringa, bør mana både kommunar, bønder og andre til å satsa på større planteaktivitet med dei treslaga som både er mest klimaeffektive og produksjonseffektive.

Kontaktperson: Lars Slåttå

## Skolekonkurransen "Tre om tre"

**Det norske Skogselskap har invitert alle landets 6. klassingar til å bli med i konkurransen "Tre om tre".**

Gjennom tre bilde og tre tekster skal elevane fortelje kva som gjer skogen viktig for dei. Hovudmålet med konkurransen er å motivere barn og unge til å bruke og skogen og til å forstå skog og natur.

Det er utarbeidd eit kortfatta undervisningsopplegg for konkurransen.

- [Lenkje til meir informasjon om konkurransen](#)



Foto: Lars Slåttå